



Aage Vagleik Nyhammer
Kubbaleitet 18
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15294 - 21/4862

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
26.01.2021

Avtale om fristutsetjing - gbnr 137/128 Alver

Viser til vårt brev av 17.11.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert avvik i septiktanken på eigedommen din.

Alver kommune har den 06.01.2021 motteke ein førespurnad frå deg om å få forlenge fristen då utbetring av tanken vil bli gjort, men at du treng lenger tid til å utføre dette arbeidet.

Vi stadfestar at du får ny, utsett frist til å gjennomføre arbeidet til **30.04.2021**.

Alver kommune har tatt opp til vurdering tilbakemeldinga di om at du ikkje ønskjer å kople deg til det offentlege avløpsnettlet på grunn av avstand og høg kostnad. Vi har komme til at oppmodinga vår om tilkopling til kommunalt avløpsanlegg vert opprettheldt.

Årsaka er at påkoplingspunktet til avløpsleidningen ligg under 100 m (målt til ca. 85 m) i frå eigedommen din, og utgiftene til tilkopling vil ikkje vere av «uforholdsmessig stor kostnad», jfr. plan- og bygningslova § 27-2 andre ledd andre setning. Grunneigar har av den grunn plikt til å kople seg på det kommunale avløpsanlegget.

Vi legg ved ei ny kartskisse av vatn- og avløpsnettlet for området.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartskisse vann og avløpsleidning GBNR 137-128

Mottakarar:

Aage Vagleik Nyhammer

Kubbaleitet 18

5916

ISDALSTØ